

Intens marknadsføring ved riksrensa.

12.07.2015



Som tidlegare nemnt er redaktøren vår, Ola Matti Mathisen, på reise til heimelege trakter på Finnskogen. Saman med kona har han også den ferierande kultursjefen vår, Kristian Olav Bringedal, med i reisefølgjet. På turen har dei naturleg nok drive ei intens marknadsføring for den komande storhendinga her i bygda, Festidalen.

Festidalen er marknadsført på mange område, og plakatane av Bjørgulf som blikkfang vert verkeleg lagt merke til, og dei vert svært godt mottekne. Då dei tradisjonsrike Finnskog-dagane har vorte arrangert i helga, har det vore svært mykke folk i området. Derfor har Uskedals-delegasjonen mått over grensa til Sverige for å få innlosjing. Dermed har dei kryssa riksrensa mange gonger, og på mange ulike stader. Til og med ein grusveg med namn Smulglarvegen har dei brukt.

Ved kvar kryssing av riksgrensa har dei hengt opp Festidalen-plakatar der Bjørggulv står sentralt. På Finnskogdagane var han på plass, og på ein restaurant i den svenske byen Torsby heng no plakaten mellom svært mange kjente artistar. Alle stader vert plakaten lagt merke til, og mange tar kontakt med delegasjonen som heng dei opp, heiter det i rapportane frå området ved riksgrensa.

Vi er lova meir detaljert rapport frå utsendingane når dei er tilbake i bygda. Dei er venta på plass i heimbygda i mandag kveld.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Finnskog-troppen.